

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.08.2018**

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Sp**, sette på vegner av Sp, A og KrF frem slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet påpeikar overfor Stortinget at ein forventar at Stortinget kompenserer inntektsbortfallet for ferjedrifta tilsvarande rabattordninga for el-bilane.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Ekrheim sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Takstreglane for ferje i Hordaland vert med verknad frå 15.09.18 endra slik:

Nullutsleppskøyretøy skal ha 50% rabatt i høve tilsvarande stort konvensjonelt køyretøy og taksten for nullutsleppskøyretøy skal kunne rabatterast med ulike rabattordningar på lik linje med konvensjonelle køyretøy.

Fylkesutvalet påpeikar overfor Stortinget at ein forventar at Stortinget kompenserer inntektsbortfallet for ferjedrifta tilsvarande rabattordninga for el-bilane.